

- Innslag av asosial  
åtferd, vanskar med  
kommunikasjon og  
sære vanar er svært  
utbreidd, spesielt  
blant menn.



# AUTISTISKE ØKONOMAR?

Som akademisk disiplin er økonomifaget nærmast å rekne som eit barn. Det var ikkje før på 1700-talet at filosofar presenterte dei første idéane om at økonomiske aktivitetar som produksjon, distribusjon og handel kunne representertast ved nærmast lovmessige matematiske sammenhengar.



TEKST: KLAUS MOHN, PROFESSOR VED HANDELSHØGSKOLEN, UIS

Dette nye tankegodset skulle legge grunnlaget for utviklinga av ein ny rigorøs vitenskapsdisiplin for individuell og sosial åtferd.

I dag meiner enkelte at økonomifaget kom inn i eit uheldig spor allereie i barndommen. Gjennom meir enn 100 år har forskarar i filosofi, psykologi og sosiologi reist grunnleggande spørsmål om validitet og kvalitet ved bruk av metoder frå naturvitenskap i analyser av samfunnsmessige forhold. Med kvantitative metodar valsar økonomane over grunnleggande forskjellar mellom ulike vitenskaplege disiplinar, vil enkelte hevde. I så fall risikerer ein at prosessar knytt til samfunnsutvikling, institusjonar og individuell åtferd blir overforenkla av økonomar med overdriven tillit til eigne metodar og modellar.

Med dette er bakteppet spent opp for kritikken mot konvensjonell, nyklassisk teori, samt bruken av økonomifaglege reiskap innanfor undervisning, forskning, utgreiing og utforming av politikk. Krasse kritikkarar gir gjerne karikerte framstillingar av nyklassiske økonomar som monomane modellmekanikarar som manglar kontakt med dei sosiale omgjevnadane som dei burde fordype seg i. I slike samanhengar har

økonomane rett som det er fått merkelappar relatert til autisme.

## TRIADAR AV SYMPTOM FOR AUTISME OG ØKONOMIKRITIKK



Kritiske hovudinnvendingar mot konvensjonell økonomisk metode kan grupperast i tre breie område. For det første blir økonomar gjerne skulda for svak sosial merksemd, til dømes med påstandar om unyanserte analysar og ideologisk motivert rådgjeving i økonomisk politikk. For det andre blir økonomane sine forenkla foresetnadar om åtferd og mangel på realisme stundom sett som resultat av eit underskot i kommunikasjonen med andre samfunnsvitenskaplege disiplinar, og med samfunnet for øvrig. For det tredje peikar kritikkarar på problem knytt til stereotypiske metodar innan økonomifaget, med utstrakt bruk av forenkla matematiske standardmodellar i representasjonen av

samansett individuell og sosial åtferd.

Desse tre påståtte svakheitene ved økonomifaget har ein påfallande parallel til triaden av symptom som lenge var forbundet med diagnosen infantil autisme (jfr

utbreidd, spesielt blant menn. Ved autisme er slike tendensar blåst ut av proporsjon, slik at dei legg ein kraftig dempar på potensialet for normal sosial funksjon og velferd. Alt i alt har me truleg «eit snev av autisme», alle saman. Ikkje desto mindre blir det både ukorrekt og usmakleg å merke ein heil akademisk disiplin med ein såpass alvorleg diagnose. Både autistar og økonomar har fortent betre, og me gjer alle best i å legge til rette for slike forbetringar.

## LES MEIR:

Mohn, K. 2007. *Stoltheit og Fordom: Økonomane sitt samfunn – og samfunnet sin økonomi*. Tidsskrift for Samfunnsforskning 3/2007, 439-452.

Mohn, K. 2009. *Autism in economics: a second opinion*. Forum for Social Economics 39 (2), 191-208.

figur). I si tid sette eg meg difor føre å undersøke desse påstandane gjennom ei drøfting for å gi eit minimum av tyngd til diskusjonen om sosial merksemd i økonomifaget som vitenskap (Mohn, 2009).

Utvalde delar av kritikken frå såkalla heterodokse økonomar er både relevant og godt underbygd. Den påfallande parallellen til symptombiletet for autisme kan difor tene som ei påminning om eit forbetringspotensial når det gjeld sosial merksemd, kommunikasjon og metodemessig variasjon innanfor økonomifaget. Utover dette er samanlikningar mellom autisme og økonomi lite formålstenlege.

Innslag av asosial åtferd, vanskar med kommunikasjon og sære vanar er svært

KÅKÅNOMICS - Norges første, beste og morsomste økonomifestival. Tid: 29. mars - 1. april 2017. Sted: kåkå, Sting Nere, m.fl. arenaer. Klaus Mohn sitter i redaksjonsrådet.